

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 17.04.2024

Vår ref.: 201102292-59 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av planendringssøknad for Tysso kraftverk i Tysso i Ulvik kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad datert 30.09.2022 frå Tysso kraftverk AS om planendring for Tysso kraftverk. Tysso kraftverk AS fekk opphavleg konsesjon til å byggje kraftverket den 20.05.2021. Teknologiske framsteg og nærare informasjon om aggregatstørrelsar gjer at utbygger har vurdert nye løysingar med omsyn til røyrgate og turbin.

Tysso kraftverk AS søker om følgjande planendringar:

- Nedre del av vassvegen vert utført som sjakt i fjell
- Eksisterande kraftstasjonsbygg for Ulvik I kraftverk vert riven og erstatta med eit mindre bygg for å gje tilkomst til sjaktarbeidet
- Tal og type turbin vert bestemt av utbygger, i samråd med leverandør. Største og minste slukeevne vert uendra
- Eksisterande røyrgate under fylkesveg 572 og dei gamle murane ved Elvatun ungdomshus står att for å ivareta miljøet kring kulturminnet

Her finn du søknaden

Søknaden om planendring for Tysso kraftverk er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/6345/V.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden om planendring blir derfor berre send på avgrensa høyring til dei som uttalte seg til den opphavlege konsesjonssøknaden. Vi ber om innspel til **endringa** i planane, og ikkje generelle kommentarar til utbygginga.

Alle som har meiningar om saka, kan sende uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/6345/V)



- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201102292 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201102292 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende inn fråsegn er:

31.05.2024

Med helsing

Brit Torill Haugen
fagleiar

Heidi Botheim
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Kjetil Helland
ULVIK HERAD
Advokatfirmaet Lund & Co DA - Stein Erik Stinessen
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Jan Arvid Gjørn
Sjur Sponheim
Marit Aarekol
Ulvik Sportsfiskarlag
Egil Klubben
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

Tysso kraftverk AS